

Møteprotokoll

Utval:	Hovudutval for næring
Møtestad:	Ekstraordinært møte - Fjernmøte
Dato:	24.06.2021
Tid:	10:00-11:25

Følgjande faste medlemer møtte:

Namn	Funksjon	Representerer
Sigrid Brattabø Handegard	Nestleiar	SP
Torbjørn Vereide	Medlem	A
Kine Bratli Dale	Medlem	A
Anne Gine Hestetun	Medlem	A
Mark Taylor	Medlem	MDG
Marianne Sæhle	Medlem	SV
Noralv Distad	Medlem	H
Karl Vågstøl	Medlem	H
Helge Stormoen	Medlem	FRP
Terje Søviknes	Medlem	FRP
Tor André Ljosland	Leiar	KRF

Følgjande medlemer hadde meldt forfall:

Namn	Funksjon	Representerer
Jana Midelfart-Hoff	Medlem	H
Morten Klementsens	Medlem	UA
Aleksander Øren Heen	Medlem	SP
Gunhild Alis Berge Stang	Medlem	V

Følgjande varamedlemer møtte:

Namn	Møtte for	Representerer
Erlend Haugen Herstad	Aleksander Øren Heen	SP
Tom Hiis Bergh	Gunhild Alis Berge Stang	V
Anne Kristin Lilleaasen	Jana Midelfart-Hoff	H

Merknader

Frå administrasjonen møte:

Namn	Stilling
Bård Sandal	Fylkesdirektør innovasjon og næringsutvikling
Per Morten Ekerhovd	Konstituert fylkesdirektør innovasjon og næringsutvikling
Jan Heggheim	Seksjonsleiar for grøn vekst, klima og energi
Mette Nora Sætre	Seksjonsleiar for verdiskaping i byar og regionar
Sølve Sondbø	Seksjonsleiar for grøn vekst, klima og energi
Lotte Lynngård	Rådgjevar politisk sekretariat / møtesekretær

Saksliste

Utvals- saksnr	Innhald	Arkiv- saksnr	U.Off
	Godkjenningssaker		
GK 15/21	Godkjenning innkalling og sakliste		
GK 16/21	Godkjenning av møteprotokoll frå møte i hovudutval for næring 25.05.21	2020/77170	
	Referatsaker		
RS 37/21	Løypemelding frå prosjektet "Grøn region Vestland"	2021/6327	
RS 38/21	Resultat frå utlysing av BIO-midlar	2021/7120	
RS 39/21	Status fiskerihammer	2021/19482	
RS 40/21	Invitasjon til landbrukskonferansen for Vestland 2021 Skriftlege spørsmål	2021/22513	
SI 6/21	Spørsmål fra Hoff(H) -Kan administrasjonen redegjøre for prosessen vedrørende innkjøp av engangsmunnbind	2020/39466	
SI 7/21	Skriftleg spørsmål frå Taylor(MDG) - om sak PS 48 i Hovudurval for næring 24.06.21		
	Politiske saker		
PS 48/21	Tilskot til prosjekt. Handlingsplan innovasjon og næring (HNV 20201). Runde 1 frist 15. april	2021/17072	
PS 49/21	Nærings- og utviklingsfond for utsette område - vedtak om tildeling juni 2021	2020/72387	
PS 50/21	Tilskot til breiband 2021 - prioriterte utbyggingsområde i Vestland	2021/5653	
PS 51/21	Tilskot til vilttiltak 2021	2021/498	
PS 52/21	Tildeling av tilskot til etablering av hurtigladeinfrastruktur i Vestland	2021/2753	

Godkjenningssaker

**GK 15/21 Godkjenning innkalling og sakliste
Saksprotokoll i hovudutval for næring - 24.06.2021**

Innkalling og sakliste vart godkjend utan merknadar.

**GK 16/21 Godkjenning av møteprotokoll frå møte i hovudutval for næring 25.05.21
Saksprotokoll i hovudutval for næring - 24.06.2021**

Saklista vart godkjend utan merknadar.

Referatsaker

**RS 37/21 Løypemelding frå prosjektet "Grøn region Vestland"
Saksprotokoll i hovudutval for næring - 24.06.2021**

RS 37/21 vart referert.

**RS 38/21 Resultat frå utlysing av BIO-midlar
Saksprotokoll i hovudutval for næring - 24.06.2021**

RS 38/21 vart referert.

**RS 39/21 Status fiskerihamner
Saksprotokoll i hovudutval for næring - 24.06.2021**

RS 39/21 vart referert.

**RS 40/21 Invitasjon til landbrukskonferansen for Vestland 2021
Saksprotokoll i hovudutval for næring - 24.06.2021**

RS 40/21 vart referert.

Skriftlege spørsmål

SI 6/21 Spørsmål fra Hoff(H) -Kan administrasjonen redegjøre for prosessen vedrørende innkjøp av engangsmunnbind

Representanten **Jana Midelfart Hoff (H)** stilte følgjande spørsmål til hovudutvalet:

«Vestland Fylke har tatt initiativ til å kjøpe inn engangsmunnbind til sine videregående skoler i forbindelse med pågående pandemi. I prinsippet stiller Høyre seg positiv til dette, men er blant annet bekymret for negativ miljøpåvirkning av engangsmunnbind

SPØRSMÅL:

- Kan administrasjonen redegjøre for prosessen vedrørende innkjøp av engangsmunnbind, om det var anbudsrunde og hvilke overveielser i forhold til bærekraft og miljøavtrykk som ble gjort?
- Ble det på noe tidspunkt vurdert å inngå samarbeid med lokalt næringsliv, slik at man kunne bidra til utvikling av helse relatert næringsvirksomhet på Vestlandet?»

Fylkesdirektør innovasjon og næringsutvikling gav følgjande svar:

Prosesen med innkjøp av munnbind vart iverksett med bakgrunn i tilråding frå utdanningsdirektoratet jmf. «Veileder om smittevern for videregående skole» Smitteforebyggende tiltak (udir.no) publisert den 24.03.2021.

Fylket hadde på dette tidspunktet fleire skular på gult og rødt tiltaksnivå og det var behov for å raskt få på plass eit beredskapslager av munnbind for å kunne bidra til å sikre mest mogeleg normal drift ute på skulane.

I samband med innkjøpsprosessen vart det vart førespurt to leverandørar; Staples og Norengros, som begge er eksisterande rammeavtaleleverandørar til VLFK og som begge kunne tilby munnbind. Med bakgrunn i pristilboda vi mottok vart det beslutta at bestillinga skulle skje via Staples. Det vart totalt bestilt 964.000 medisinske munnbind til skulane.

Angående aktuelle vurderingar kring miljø og berekraft vart det vurdert å gå til innkjøp av tøy-munnbind. Prisen på desse var ca. 15 gonger så høg som medisinske munnbind, og det var også 5 vekers leveringstid. I tillegg vurderte vi det slik at dei relativt omfattande hygieniske anbefalingane frå FHI når det gjeld både vasking og korrekt bruk og handtering av tøy-munnbind ville kunne by på utfordringar, og at det ville vere behov for å kjøpe inn eit relativt stort antal pr. elev for å sikre at det ville vere mogeleg å etterleve desse anbefalingane praksis.

Vi vurderte det slik at bruk av tøy-munnbind ville kunne verte aktuelt på eit seinare tidspunkt dersom vi såg at behovet for munnbind ville utvikle seg til å bli meir omfattande og langvarig.

Det har i samband med bruk av medisinske munnbind ute på skulane vorte sett opp ekstra avfallsdunkar.

Når det gjeld spørsmål om grunnlag for eit potensielt samarbeid med lokalt næringsliv vart dette ikkje vurdert på tidspunktet. Situasjonen som oppstod i samband med publiseringa av rettlaiaren frå UDI og vurderingane vi gjorde knytt til tid/nytte i forbindelse med bruk av munnbind sett opp mot den situasjonen fleire av skulane stod i på tidspunktet gjorde at vi ønska å få på plass eit beredskapslager så snart som mogeleg. Etter å ha avklara at VLFK allereie hadde to eksisterande rammeavtaleleverandørar som begge kunne tilby munnbind og allereie hadde desse lagerført, vart kun desse leverandørane førespurde.

SI 7/21 Skriftleg spørsmål frå Taylor(MDG) - om sak PS 48 i Hovudurval for næring 24.06.21

Representanten **Mark Taylor (MDG)** stilte følgjande spørsmål til hovudutvalet:

«Eg viser til Framlegg: Avslag på søknad til HNV 2021 utlysning 15. April der søknadene

«Akselerator for sirkulær bioøkonomi» frå Bioregion Institute og «Utvikling av prosjekt Geopark Sunnhordland» frå Samarbeidsrådet for Sunnhordland IKS er innstilt med avslag med grunngjevinga «nokre manglar».

Kan fylkesdirektøren informere konkret om manglane i desse to søknadene, t.d. ved å gjere tilgjengeleg dei korte skriftlege vurderingane av kvar søknad i samsvar med karakter m.m. og kvifor desse søknadene er innstilt med avslag?»

Settefylkesdirektør innovasjon og næringsutvikling gav følgjande svar:

Administrasjonen har forståing for at det er ynskjeleg med detaljert grunngjeving for tilråding i spørsmål om prosjektstøtte. Administrasjonen har nytta panelvurdering som metode. Metoden bygger på at minst fire personar med panelleiar vurderer kvar enkelt søknad ut frå i kor stor grad den treff utlysinga. Metoden vert nytta av Noregs forskingsråd og er evaluert av forvaltningsrevisjonen. Målet er alltid å få gjennomført mest mogleg av vedtatt politikk i handlingsplanen med minst mogleg ressursbruk, og med vekt på likebehandling, nøytralitet og habilitet.

I dette arbeidet nytter fagpanela både talkarakterar og skriftleg samandrag som verktøy for å oppnå sams tilråding. Søknadsevaluering vil imidlertid aldri være heilt ut kvantifiserbar. Det betyr at fagpanela si grunngjeving i stor grad kan diskuteras. Det vil være ulike syn på grunngjevingane avhengig av om ein til dømes er søker innstilt på avslag, fagekspert eller generelt i samfunnet.

Utvikling av prosjekt Geopark Sunnhordland (prosjektkostnad kr 1 020 000)

Panelet vurderer at dette er eit viktig og godt prosjekt for å oppnå verdsarvstatus og som reiselivsprosjekt. Det vert vurdert at prosjektet i stor grad er indirekte for å oppnå hovudmåla i denne utlysinga (sirkulærøkonomi, grøn konkurransekraft og energi). Prosjektfinansieringa skal først og fremst gå til å skrive ferdig UNESCO søknad som skal leverast i oktober i år. Vidare til å finansiere leing av prosjektet og utarbeiding av fagtekstar frå geolog/arkeolog. Deler av prosjektet er i fleire tidlegare fasar finansiert av fylkeskommunen i tillegg til at fylkeskommunen bidrar med tid frå administrasjonen (geolog) inn i prosjektet. Fagpanelet og administrasjonen har derfor vurdert søknaden som «4 - Godt - Søknaden svarer godt på kriteriet, men den har fleire manglar.»

Akselerator for sirkulær bioøkonomi (prosjektkostnad kr 7 520 000)

Søknaden treff i høg grad tema for utlysinga ved fokus på alle dei mest relevante miljøtema. Den breie og omfattande tilnærminga bidreg samtidig til at prosjektet verker mindre målretta og skårar svakt på gjennomføringsevne. Prosjektplanen er noke uklar, og det kan framstå som om pengestøtta det vert søkt om går til finansiering av organisasjonen sitt arbeidsfelt generelt, og i mindre grad til konkrete prosjekt. Døme kan være «Utvikle driftsmodell, planlegge løysing for lokalar med tilhøyrande budsjett. Leigeavtale er inngått med utleigar. Definere behov og inngå leigeavtaler med partnerar. Inngå industrielle partneravtaler. Definere tverrsektoriell Bioregional designmodul saman med akademia. Behovsavklaring for forskningsprosjekt i biomaterialutvikling. Endelig kostnad og finansieringsbudsjett.» Vidare «Fokusområder og prosessar vi aktiverer i første fase er: Materialdesign / Marin mikrobiologi / Tekstiler / Byggmaterialer/ Grønn produksjon / Urban dyrking.» med fleire. Panelet og administrasjonen har derfor vurdert søknaden som «2 - Svakt - Søknaden svarer ikkje godt på kriteriet. Den har overvekt av vesentlege manglar.»

Same søker er tilrådd tilsegn på søknad «Etablering av forum for landbruksplast». Denne søknaden framstår meir konkret, spissa og gjennomførbar.

Politiske saker

PS 48/21 Tilskot til prosjekt. Handlingsplan innovasjon og næring (HNV 20201). Runde 1 frist 15. april

Forslag til vedtak

1. Hovedutval for Næring vedtek medfinansiering av 19 utviklingsprosjekt med løyving 11 841 300 kr som vist i lenke 1.

Saksprotokoll i hovudutval for næring - 24.06.2021

Noralv Distad (H) stilte spørsmål kring eiga habilitet, da han sit i styret til Nærøyfjorden verdsarvpark, som er ein av søkjarane for tilskot. Hovudutval for næring vedtok samrøystes at han var inhabil til å delta i sakshandsaminga etter forvaltningslova § 6 første ledd bokstav e nr 1. Han tredde frå sakshandsaminga.

Sigrid Brattabø Handegard (Sp) sette på vegner av A, MDG, Sp, SV, V, Krf, Frp, H fram slikt forslag:

«Alternativ

1. Hovedutval for næring vedtek medfinansiering av 20 utviklingsprosjekt med løyving kr 12 000 000.
2. I tillegg til innstilte prosjekt frå Rådmannen prioriterar hovudutvalet kr 359 000 til "Utvikling av prosjektet Geopark Sunnhordaland " Dette er eit prosjekt det har vore arbeidd med over tid, og som er høgt prioritert av regionen. Løyving til prosjektet " Grøn 2030 - Sirkulære foretningsmodellar i praksis" vert redusert med kr 200 000»

Avrøysting

Det var 13 representantar til stades.

Handegard sitt forslag vart satt opp mot fylkesdirektør for innovasjon og næringsutvikling sitt forslag, og Handegard sitt forslag vart samrøystes vedteke.

Vedtak

1. Hovudutval for næring vedtek medfinansiering av 20 utviklingsprosjekt med løyving kr 12 000 000.
2. I tillegg til innstilte prosjekt frå Rådmannen prioriterar hovudutvalet kr 359 000 til "Utvikling av prosjektet Geopark Sunnhordland". Dette er eit prosjekt det har vore arbeidd med over tid, og som er høgt prioritert av regionen. Løyving til prosjektet "Grøn 2030 - Sirkulære forretningsmodellar i praksis" vert redusert med kr 200 000.

PS 49/21 Nærings- og utviklingsfond for utsette område - vedtak om tildeling juni 2021

Forslag til vedtak

1. Følgjande søkjarar får støtte frå Nærings- og utviklingsfondet:

Søkarar som frå tilskot:	Tilskot, kr
--------------------------	-------------

Hyllestad kommune	1 639 000
Peak Property AS	200 000
Næringshagen på Voss	1 200 000
Øygarden næringsutvikling Kf	261 000
Aurland kommune	750 000
Sitep	150 000
Sogn næring AS	800 000

2. Disse søkjarane får avslag: Sognefjorden næringshage, Avisføretaket Ytre Sogn AS, Lavik Kro AS og Sogn kontorsenter AS.
3. Fylkesrådmannen får fullmakt til å setje utfyllande vilkår for tildelingane i eigne tilskotsbrev.

Saksprotokoll i hovudutval for næring - 24.06.2021

Avrøysting

Fylkesdirektør innovasjon og næringsutvikling sitt forslag vart samrøystes vedteke.

Vedtak

1. Følgjande søkjarar får støtte frå Nærings- og utviklingsfondet:

Søkarar som frå tilskot:	Tilskot, kr
Hyllestad kommune	1 639 000
Peak Property AS	200 000
Næringshagen på Voss	1 200 000
Øygarden næringsutvikling Kf	261 000
Aurland kommune	750 000
Sitep	150 000
Sogn næring AS	800 000

2. Disse søkjarane får avslag: Sognefjorden næringshage, Avisføretaket Ytre Sogn AS, Lavik Kro AS og Sogn kontorsenter AS.
3. Fylkesrådmannen får fullmakt til å setje utfyllande vilkår for tildelingane i eigne tilskotsbrev.

PS 50/21 Tilskot til breiband 2021 - prioriterte utbyggingsområde i Vestland

1. Vestland fylkeskommune set av midlar til utbygging av breiband i følgjande område:

Kommune	Område	Tilskot
Kinn	Tre område/pakkar: Pakke 1: Nyttingnes/Sandvika, Alværn, Eikevik, Langedalen, Svarthumle/Ramsdal, Leversund, Grovaneset-Kvalvika, Vassetshola, Lykkjebøen, Nordoppedalen/ Søroppedalen/ Færestranda/ Myrestrand/ Graval, Kråkeneset. Pakke 2: Nordalsfjorden/ Sunndalen, Straumneset, Grøndalen, Sørpollen/ Straumen, Almenning, Vemmelsvika og Raudegga. Pakke 2: Årebrot/ Seljestokken, Husefest - Breivik, Husevåg, Osmundvåg/ Ura/ Hagevik/ Saltkjelen, Tytningevåg, Ramsevika, Gangsøya, Skavøy.	15 817 500 kr
Ulvik	Fem område: Paradis/ Rossvoll/ Øvregardane, Hjelmevoll/ Hydle/ Bergo/ Aurdal, Osa, Vest for Vambheimselvi til Hetleneset, og Vangsbygdi/ Nesheim,	7 500 000 kr
Hyllestad	Espelandsområdet	1 936 440 kr
Høyanger	Fire område: Bekken - Hellebøstranda - Værholm - Øvre Værholm, Ringereide - Alværa - Bosdalen, Nordeide - Berge, og Nessastrand - Nesfjora - Sagadalen	2 392 131 kr
SUM		27 646 071 kr

Summane er maksimaltilskot og kan bli justert når endeleg kontrakt for utbygginga ligg føre.

2. Tilskota vert dekkja med midlar tildelt fylkeskommunen over statsbudsjettet kap. 541, post 60 til breibandutbygging, samt restmidlar frå tidlegare år og innsparingar frå forhandlingar.

3. Tilskota blir gitt under føresetnad av at opplysningane i søknadane stemmer, og at prosjekta kan gjennomførast i tråd med dei nasjonale retningslinene.

4. Dersom det kjem ekstra midlar til breibandutbygging i Vestland før utlysing av konkurransen får administrasjonen fullmakt til å tildele midlar i tråd med følgjande prioriterte liste:

Kommune	Område	Sum
Høyanger	Rest: Fire område: Bekken - Hellebøstranda - Værholm - Øvre Værholm, Ringereide - Alværa - Bosdalen, Nordeide - Berge, og Nessastrand - Nesfjæra - Sagadalen	247 869 kr
Hyllestad	Rysjedalsvika med omegn	2 079 910 kr
Stad	Lefdalsbygda	400 000 kr
Alver	Mindre område/ einskildhustandar	685 000 kr
Vaksdal	Tre område: Fosse, Eksingedalen og Maskjevika	1 843 000 kr
Fjaler	To område: Haugland - Gunnhildneset - Rennestraum - Hellebust - Vassliås, og Gallefoss - Grense til kommunane Høyanger og Sunnfjord	2 009 600 kr
Voss	Øvstedalen	350 000 kr
Bjørnafjorden	Lønningsdal og Midtsæter	400 000 kr
Gulen	Fire område: Nord- og sørøyane (Koksøyana-Hille), Grønevikneset, Fonna - Vesetvika - Bjørøyana - Vassøyana - Stemnebø, og Vikane	2 160 000 kr
Øygarden	Mindre område/ einskildhustandar	1 800 000 kr
Samnanger	Haukaneset	180 000 kr
Samnanger	Børdalen	250 000 kr
Masfjorden	Tangedalen	200 000 kr
Solund	Lia, Nessa, Gåsvær, Tangeneset, Nautøy, Litle-Færøy, Kråkevågen, Råke, Kråkeneset, Losnegård, Oddekalven, Utvær	7 800 000 kr
SUM		20 405 379 kr

Dersom det ikkje er mogleg å støtte prosjekta i denne konkurranserunden, så må dei søkje på nytt i neste tildelingsrunde.

5. Etne kommune sendte ein søknad som ikkje blei vurdert saman med dei andre søknadane grunna manglande opplysningar. Dersom det kjem ekstra midlar til ordninga får administrasjonen fullmakt til å vurdere om kommunen kan sende ein forbetra søknad, og tildele midlar dersom søknaden oppfyller kriteria i ordninga. Dette må i så fall avklarast før konkurransen blir lyst ut. Dersom det ikkje er tilgjengelege midlar, eller søknaden blir vurdert som god nok må dei søkje på nytt neste år.

Saksprotokoll i hovudutval for næring - 24.06.2021

Avrøysting

Fylkesdirektør innovasjon og næringsutvikling sitt forslag vart samrøystes vedteke.

Vedtak

1. Vestland fylkeskommune set av midlar til utbygging av breiband i følgjande område:

Kommune	Område	Tilskot
Kinn	Tre område/pakkar: Pakke 1: Nyttingnes/Sandvika, Alværn, Eikevik, Langedalen, Svarthumle/Ramsdal, Leversund, Grovaneset-Kvalvika, Vassetshola, Lykkjebøen, Nordoppedalen/ Søroppedalen/ Færestranda/ Myrestrand/ Graval, Kråkeneset. Pakke 2: Nordalsfjorden/ Sunndalen, Straumneset, Grøndalen, Sørpollen/ Straumen, Almenning, Vemmelsvika og Raudegga. Pakke 2: Årebrot/ Seljestokken, Husefest - Breivik, Husevåg, Osmundvåg/ Ura/ Hagevik/ Saltkjelen, Tytningevåg, Ramsevika, Gangsøya, Skavøy.	15 817 500 kr
Ulvik	Fem område: Paradis/ Rossvoll/ Øvregardane, Hjelmevoll/ Hydle/ Bergo/ Aurdal, Osa, Vest for Vambheimselvi til Hetleneset, og Vangsbygdi/ Nesheim,	7 500 000 kr
Hyllestad	Espelandsområdet	1 936 440 kr
Høyanger	Fire område: Bekken - Hellebøstranda - Værholm - Øvre Værholm, Ringereide - Alværa - Bosdalen, Nordeide - Berge, og Nessastrand - Nesfjóra - Sagadalen	2 392 131 kr
SUM		27 646 071 kr

Summane er maksimaltilskot og kan bli justert når endeleg kontrakt for utbygginga ligg føre.

2. Tilskota vert dekkja med midlar tildelt fylkeskommunen over statsbudsjettet kap. 541, post 60 til breibandutbygging, samt restmidlar frå tidlegare år og innsparingar frå forhandlingar.

3. Tilskota blir gitt under føresetnad av at opplysningane i søknadane stemmer, og at prosjekta kan gjennomførast i tråd med dei nasjonale retningslinene.

4. Dersom det kjem ekstra midlar til breibandutbygging i Vestland før utlysing av konkurransen får administrasjonen fullmakt til å tildele midlar i tråd med følgjande prioriterte liste:

Kommune	Område	Sum
Høyanger	Rest: Fire område: Bekken - Hellebøstranda - Værholm - Øvre Værholm, Ringereide - Alværa - Bosdalen, Nordeide - Berge, og Nessastrand - Nesfjora - Sagadalen	247 869 kr
Hyllestad	Rysjedalsvika med omegn	2 079 910 kr
Stad	Lefdalsbygda	400 000 kr
Alver	Mindre område/ einskildhustandar	685 000 kr
Vaksdal	Tre område: Fosse, Eksingedalen og Maskjevikja	1 843 000 kr
Fjaler	To område: Haugland - Gunnhildneset - Rennestraum - Hellebust - Vassliås, og Gallefoss - Grense til kommunane Høyanger og Sunnfjord	2 009 600 kr
Voss	Øvstedalen	350 000 kr
Bjørnafjorden	Lønningsdal og Midtsæter	400 000 kr
Gulen	Fire område: Nord- og sørøyane (Koksøyana-Hille), Grønevikneset, Fonna - Vesetvika - Bjorøyana - Vassøyana - Stemnebø, og Vikane	2 160 000 kr
Øygarden	Mindre område/ einskildhustandar	1 800 000 kr
Samnanger	Haukaneset	180 000 kr
Samnanger	Børdalen	250 000 kr
Masfjorden	Tangedalen	200 000 kr
Solund	Lia, Nessa, Gåsvær, Tangeneset, Nautøy, Litle-Færøy, Kråkevågen, Råke, Kråkeneset, Losnegård, Oddekalven, Utvær	7 800 000 kr
SUM		20 405 379 kr

Dersom det ikkje er mogleg å støtte prosjekta i denne konkurranserunden, så må dei søkje på nytt i neste tildelingsrunde.

5. Etne kommune sendte ein søknad som ikkje blei vurdert saman med dei andre søknadane grunna manglande opplysningar. Dersom det kjem ekstra midlar til ordninga får administrasjonen fullmakt til å vurdere om kommunen kan sende ein forbetra søknad, og tildele midlar dersom søknaden oppfyller kriteria i ordninga. Dette må i så fall avklarast før konkurransen blir lyst ut. Dersom det ikkje er tilgjengelege midlar, eller søknaden blir vurdert som god nok må dei søkje på nytt neste år.

PS 51/21 Tilskot til vilttiltak 2021

Forslag til vedtak

Vestland fylkeskommune vedtek å løyve 1 million kroner til vilttiltak fordelt slik, og på vilkår som vil gå fram av tilsegnsbrev:

Nr	Søkjjar	Tiltak	Tilskot kr
		<i>Lokale vilttiltak - Hjort, elg, rådyr</i>	
1	NINA	FriKalv	100 000
2	NIBIO	VESTHJORT	50 000

3	Norges Bondelag - Vestland	Forvaltning av hjort i Vestland	110 000
4	Skogkurs	NOK HJORT 2021-2025	avslag
5	Utmarksavdelinga Vest AS	Økt andel bestandsplan	85 000
6	Naturdata AS	Brukerkurs i Hjorteviltregisteret	avslag
7	Universitetet i Oslo	Bestandsestimering av hjort ved hjelp av droner	30 000
8	Alver kommune	Aldersregistrering og kohortanalyse av hjort	avslag
9	Austrheim kommune	Aldersregistrering og kohortanalyse av hjort	avslag
10	Sundvor Hjortevald	Redusert hjort - Reduserte skader 2021-2023	avslag
		<i>Lokale vilttiltak m.v.</i>	
11	NINA	Raudrev på Hardangervidda - rolla til subsidier	48 000
12	NINA	A thriving coast- otter, mink and seabirds	75 000
13	NINA	Questioning Bycatch - What is the true scale	45 000
14	NNI Resources As	Orrfugl i Vestland fylke	80 000
15	NNI Resources As	Hekkende andefugler i kystlandskapet	65 000
16	NNI Resources As	Virkninger av introdusert fiskeart på vannfugler	67 000
17	NINA	Alders- og kjønnsfordeling hos sjøender	40 000
18	NINA	Bruk av drone til kartlegging av ærfugl	avslag
19	Bergen kommune	Vilt i og ved vann i Bergen kommune	avslag
20	NJFF Sogn og Fjordane	Modell for småviltforvaltning	50 000
21	NJFF Sogn og Fjordane	Human Jakt	95 000
22	NJFF-Hordaland	Infoblod om jakt og fiske - infoside internett	40 000
23	NJFF-Hordaland	Kvinneaktiviteter	20 000
24	Universitetet i Sørøst Norge	Fjellets ressursgrunnlag 2021	avslag
<i>Sum vilttiltak (kr)</i>			<i>1 000 000</i>

Saksprotokoll i hovudutval for næring - 24.06.2021

Avrøysting

Fylkesdirektør innovasjon og næringsutvikling sitt forslag vart samrøystes vedteke.

Vedtak

Vestland fylkeskommune vedtek å løyve 1 million kroner til vilttiltak fordelt slik, og på vilkår som vil gå fram av tilsegnsbrev:

Nr	Søkjar	Tiltak	Tilskot kr
		<i>Lokale vilttiltak - Hjort, elg, rådyr</i>	

1	NINA	FriKalv	100 000
2	NIBIO	VESTHJORT	50 000
3	Norges Bondelag - Vestland	Forvaltning av hjort i Vestland	110 000
4	Skogkurs	NOK HJORT 2021-2025	avslag
5	Utmarksavdelinga Vest AS	Økt andel bestandsplan	85 000
6	Naturdata AS	Brukerkurs i Hjorteviltregisteret	avslag
7	Universitetet i Oslo	Bestandsestimering av hjort ved hjelp av droner	30 000
8	Alver kommune	Aldersregistrering og kohortanalyse av hjort	avslag
9	Austrheim kommune	Aldersregistrering og kohortanalyse av hjort	avslag
10	Sundvor Hjortevald	Redusert hjort - Reduserte skader 2021-2023	avslag
		Lokale vilttiltak m.v.	
11	NINA	Raudrev på Hardangervidda - rolla til subsidier	48 000
12	NINA	A thriving coast- otter, mink and seabirds	75 000
13	NINA	Questioning Bycatch - What is the true scale	45 000
14	NNI Resources As	Orrfugl i Vestland fylke	80 000
15	NNI Resources As	Hekkende andefugler i kystlandskapet	65 000
16	NNI Resources As	Virkninger av introdusert fiskeart på vannfugler	67 000
17	NINA	Alders- og kjønnsfordeling hos sjøender	40 000
18	NINA	Bruk av drone til kartlegging av ærfugl	avslag
19	Bergen kommune	Vilt i og ved vann i Bergen kommune	avslag
20	NJFF Sogn og Fjordane	Modell for småviltforvaltning	50 000
21	NJFF Sogn og Fjordane	Human Jakt	95 000
22	NJFF-Hordaland	Infoblad om jakt og fiske - infoside internett	40 000
23	NJFF-Hordaland	Kvinneaktiviteter	20 000
24	Universitetet i Sørøst Norge	Fjellets ressursgrunnlag 2021	avslag
Sum vilttiltak (kr)			1 000 000

PS 52/21 Tildeling av tilskot til etablering av hurtigladeinfrastruktur i Vestland

Forslag til vedtak

1. Det løyvast 350 000 kroner i tilskotsmidlar til Kople AS for utbygging av hurtigladeinfrastruktur på Bryggja i Stad kommune. Det løyvast midlar i medhald av søknad.

2. Det løyvast til saman 3 550 000 kroner i tilskotsmidlar til søkerane BKK elektrifisering, Plug, Kople, Brikdalsbreen fjellstove og Tesla for utbygging av til saman 30 hurtigladedestolpar på i alt 13

ladeplassar. Ladeplassane skal byggast ut i/på Stryn sentrum, Odda sentrum, Valestrand, Strynehallen, Nordfjordeid, Briksdalsbreen fjellstove, Sjøgata i Måløy, Olden sentrum, Lærdalsøyri, Våge hamn, Bruvik i Osterøy og Lavik. Av desse skal ladeplassane i/på Valestrand, Måløy, Våge hamn og Bruvik på Osterøy byggast ut for sambruk mellom bil og båt.

<i>Lokalitet</i>	<i>Sum tilskot</i>	<i>Tal ladestolpar</i>	<i>Mottakar</i>
<i>Bunnpris Bryggja</i>	kr 350 000	2	Kople*
<i>Stryn</i>	kr 400 000	4	Tesla
<i>Odda</i>	kr 120 000	1	BKK
<i>Valestrand</i>	kr 425 000	3	Plug
<i>Stryn II/Strynehallen</i>	kr 320 000	2	BKK
<i>Nordfjordeid</i>	kr 320 000	2	BKK
<i>Briksdalsbre Fjellstove</i>	kr 175 000	1	Briksdalsbre fjellstove
<i>Måløy - Sjøgata</i>	kr 350 000	2	Kople
<i>Olden</i>	kr 280 000	2	BKK
<i>Lærdalsøyri</i>	kr 480 000	3	BKK
<i>Våge Hamn</i>	kr 425 000	3	Plug
<i>Bruvik</i>	kr 425 000	3	Plug
<i>Lavik</i>	kr 230 000	2	BKK

3. Budsjettramma for ordninga gjer at mange gode søknadar ikkje får innvilga løyving. Administrasjonen har fullmakt til å løyve midlar til dei høgast rangerte av desse søknadene om nokon prosjekt faller frå eller ved eventuell justering av budsjettramma t.d. eventuelle statleg tilskot.

Saksprotokoll i hovudutval for næring - 24.06.2021

Anne Gine Hestetun (A) stilte spørsmål kring eiga habilitet, da ho sit i styret til BKK som er ein av mottakarane. Hovudutval for næring vedtok samrøystes at ho var inhabil til å delta i sakshandsaminga etter forvaltningslova § 6 første ledd bokstav e nr 2. Ho tredde frå sakshandsaminga.

Avrøysting

Det var 13 representantar til stades.

Fylkesdirektør innovasjon og næringsutvikling sitt forslag vart samrøystes vedteke.

Vedtak

1. Det løyvast 350 000 kroner i tilskotsmidlar til Kople AS for utbygging av hurtigladeinfrastruktur på Bryggja i Stad kommune. Det løyvast midlar i medhald av søknad.

2. Det løyvast til saman 3 550 000 kroner i tilskotsmidlar til søkerane BKK elektrifisering, Plug, Kople, Briksdalsbreen fjellstove og Tesla for utbygging av til saman 30 hurtiglade stolpar på i alt 13 ladeplassar. Ladeplassane skal byggast ut i/på Stryn sentrum, Odda sentrum, Valestrand, Strynehallen, Nordfjordeid, Briksdalsbreen fjellstove, Sjøgata i Måløy, Olden sentrum, Lærdalsøyri,

Våge hamn, Bruvik i Osterøy og Lavik. Av desse skal ladeplassane i/på Valestrand, Måløy, Våge hamn og Bruvik på Osterøy byggast ut for sambruk mellom bil og båt.

<i>Lokalitet</i>	<i>Sum tilskot</i>	<i>Tal ladestolpar</i>	<i>Mottakar</i>
<i>Bunnpris Bryggja</i>	kr 350 000	2	Kople*
<i>Stryn</i>	kr 400 000	4	Tesla
<i>Odda</i>	kr 120 000	1	BKK
<i>Valestrand</i>	kr 425 000	3	Plug
<i>Stryn II/Strynehallen</i>	kr 320 000	2	BKK
<i>Nordfjordeid</i>	kr 320 000	2	BKK
<i>Briksdalsbre Fjellstove</i>	kr 175 000	1	Briksdalsbre fjellstove
<i>Måløy - Sjøgata</i>	kr 350 000	2	Kople
<i>Olden</i>	kr 280 000	2	BKK
<i>Lærdalsøyri</i>	kr 480 000	3	BKK
<i>Våge Hamn</i>	kr 425 000	3	Plug
<i>Bruvik</i>	kr 425 000	3	Plug
<i>Lavik</i>	kr 230 000	2	BKK

3. Budsjettramma for ordninga gjer at mange gode søknadar ikkje får innvilga løyving. Administrasjonen har fullmakt til å løyve midlar til dei høgast rangerte av desse søknadene om nokon prosjekt faller frå eller ved eventuell justering av budsjettramma t.d. eventuelle statleg tilskot.